



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 28.11.2011  
**Møtetid:** 14:30 - 17:00  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Øyvind Røen	Monica Tjønna

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
Rådmann

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar</b>	Møte med Statens Vegvesen 7.12.11. Formannskapet drøfta kva tema som kommunen bør ta opp i møte.
<b>Utvalet sitt kvarter</b>	Roy Vegar Hope ba om informasjon om framgangsmåten for å ta opp saker under utvalet sitt kvarter. Ragnfrid Olsnes ba om informasjon om verknadane av budsjettframlegget for plo. Brikt Olav Gåsdal ba om informasjon om BRB
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Sakspapir sak 61/11

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 05.12.2011

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
057/11	11/591	Faste saker	
058/11	11/574	Tilskot frå næringsfondet - Ines Hudpleieklinikk	
059/11	11/333	Tilkomsten til Economusee Fjordtønna på Tysse	
060/11	09/3	Prioritering av overskotsmassar	
061/11	11/566	Kommunale avgifter 2012	

## SAKNR. 057/11 FASTE SAKER

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

### 28.11.2011 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Under **skriv og meldingar** vart det informert om at Statens Vegvesen kjem på besøk til kommunen 7.12.11, og dei har bedt om tilbakemelding på kva saker me ønskjer å ta opp. Utvalet drøfta saka, og det vart m.a. peika på fylgjande

- Redusert fartsgrense
- Trafikksikringsplan
- Gangfelt
- Avkjørsel Lønnebakken

### Utvalet sitt kvarter:

**Roy Vegar Hope** fekk på førespurnad om framgangsmåten til utvalet sitt kvarter informasjon frå ordførar om at det var ønskjeleg at spørsmål kjem inn på førehand.

**Ragnfrid Olsnes** informerte om at ho var kjend med at tilsette på plo meiner at budsjettframlegget inneber at eininga neste år må spara 1.6 mill. kroner. Ho meinte at dette ikkje kan vera rett.

Rådmannen viste til merknadane frå rådmannen til budsjettframlegget der det ikkje er lagt opp til særlege kutt i driftsbudsjettet for noko eining. Føresetnaden for dette er ei forventning om eit sjukefråvær (og tilsvarende vikarbruk) for pleie- og omsorgseininga som i 2010, dvs. ein god del lågare enn i 2011.

**Bright Olav Gåsdal** viste til ein diskusjon i fylkeskommunen om å selja seg ut av BRB. Han etterspurde om kommunen har kostnader ut over aksjeteikninga. Han ba og om informasjon om kva tenester Samnanger kan få av BRB.

Samnanger kommune betalar årleg ei medlemsavgift. Kostnaden er ført på næringskapitlet i rekneskapen 1.14. Kommunen har høve til å nytta BRB sin etablerarskule. Dei har også arbeidd for å fram informasjon om tilgjengeleg næringsareal i regionen. Samnanger kan med føremon vera meir aktive i denne organisasjonen.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

### FORM-057/11 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

## **SAKNR. 058/11**

### **TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - INES HUDPLEIEKLINIKK**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknaden frå Ines Hudpleieklinnikk vert ikkje imøtekomen. Grunngevinga for dette er at den omsøkte investeringa vart gjort for fleire år tilbake.

#### **28.11.2011 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Det vart informert om innkomen e-post frå søkjar med nye opplysningar.

#### **Brigt Olav Gåsdal (Ap)** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Ine Andrea Liøen vert imøtekommen med 10% av søknadsgrunnlaget, avrunda til 12.500. Summen kan utbetalast når rekneskapen vert lagt fram.

#### **Monica Tjønnå (Sp)** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Grunna ønske om stimulering av arbeidsplassar og med bakgrunn i tidligere gitt tilskudd til samanlignbar bedrift, gis det tilskudd frå næringsfondet på kr 25.000,- ved framlagt rekneskap innan 1 mnd.

Tjønnå trekte framlegget sitt.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak og framlegget frå Gåsdal. Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FORM-058/11 VEDTAK:**

Søknaden frå Ine Andrea Liøen vert imøtekommen med 10% av søknadsgrunnlaget, avrunda til 12.500. Summen kan utbetalast når rekneskapen vert lagt fram.

## **SAKNR. 059/11**

### **TILKOMSTEN TIL ECONOMUSEE FJORDTØNNA PÅ TYSSE**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune kan ikkje prioritera utbetring og omlegging av vegen til Economuseet Fjordtønna. Kommunen har mange kommunale vegar i svært dårleg teknisk stand, og evt. ekstraordinære midlar til vegar må nyttast til å få vegane opp på ein minimumsstandard.

Spørsmålet om omlegging av vegen på indre Tysse kan tidlegast takast opp når det er avklara om det kjem ytterlegare bustadbygging i området. Det vil venteleg skje i samband med rullering av arealplanen.

#### **28.11.2011 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FORM-059/11 VEDTAK:**

Samnanger kommune kan ikkje prioritera utbetring og omlegging av vegen til Economuseet Fjordtønna. Kommunen har mange kommunale vegar i svært dårleg teknisk stand, og evt. ekstraordinære midlar til vegar må nyttast til å få vegane opp på ein minimumsstandard.

Spørsmålet om omlegging av vegen på indre Tysse kan tidlegast takast opp når det er avklara om det kjem ytterlegare bustadbygging i området. Det vil venteleg skje i samband med rullering av arealplanen.

**SAKNR. 060/11**  
**PRIORITERING AV OVERSKOTSMASSAR**

**28.11.2011 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Marit A Aase** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Prioritering av overskotsmassar (frå Tyssetunellen):

Frå austsida:

1. Gang- og sykkelveg Tysse – Frøland
2. Oppbygging av Bygdavegen
3. Bjørkheim

Frå vestsida.

1. Sætervika – vegomlegging
2. Lagra stein til oppbygging kommunale vegar.

Det vart røysta punktvis. Alle punkt med unnatak av pkt. 3 frå austsida vart samrøystes vedteke. Pkt 3 vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

**FORM-060/11 VEDTAK:**

Prioritering av overskotsmassar (frå Tyssetunellen):

Frå austsida:

1. Gang- og sykkelveg Tysse – Frøland
2. Oppbygging av Bygdavegen
3. Bjørkheim

Frå vestsida.

1. Sætervika – vegomlegging
2. Lagra stein til oppbygging kommunale vegar.

**SAKNR. 061/11**  
**KOMMUNALE AVGIFTER 2012**

## **28.11.2011 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Sakspapira vart levert ut i møte. Det var semje om at det skal innførast nytt gebyr til bruk i samband med ulovleg bygg.

### **FORM-061/11 VEDTAK:**

#### **Ulovlege byggearbeid**

Gebyra for ulovlege byggearbeid kjem i tillegg til ordinære saksgebyr

#### **Påpeiking av ulovleg byggearbeid med rettingsrettlegg**

For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettleiing om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket, skal det betalast

For tiltak som søkjar sjølv kan stå for, jfr. § 20-2 kr 4 000

For tiltak som krev at kvalifisert og godkjent ansvarshavande står for dei ulike delane av tiltaket, jfr. § 20-1 kr 7.000

#### **Oppfølgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid** (Påpeikt ulovleg tilhøve)

Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta seg etter dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid der tidsbruken overstig minstegebyret. Gjeldande satsar er:

Kontorarbeid kr 924,-

Feltarbeid kr 1.273,-

#### **Minstegebyr**

For tiltak som søkjar sjølv kan stå for, jfr. § 20-2 kr 5.000

For tiltak som krev at kvalifisert og godkjent ansvarshavande står for dei ulike delane av tiltaket, jfr. § 20-1 kr 10.000

I tillegg kan kommunen krevja dekka sine kostnader til sakkunnig bistand. Kommunen kan velja sak eller tilhøve som gebyreining.

Den oppfølgjande sakshandsaminga kan i tillegg medføra andre åtgjerder som er heimla i §§ 32-8 (Overtredelsesgebyr) og 32-9 (Straff).